

Kjøpefri dag i morgon!

I morgon vert du utfordra til å la lommeboka kvile. Det er kjøpefri dag i morgon, og allereie no kan du ta eit medvite val om å leggje att både pengar og bankkort heime. Den kjøpefrie dagen vert i morgon markert i Lonevåg, Bergen og fleire andre stader i Noreg. Kjøpefri dag er ein norsk variant av "Buy Nothing Day", ei internasjonal markering som går føre seg i meir enn 60 land på same tid.

Kjøpefri dag starta i Canada som ein protest mot den vestlege verda sin stadige forbruksvekst, og er ein aksjon som set fokus på andre verdiar enn dei materielle. Konsumeringa vert sett på i eit kritisk ljøs, med tanke på konsekvensane det har for miljø, livskvalitet og rettferdig fordeling. Dagen vert markert siste laurdag i november kvart år, og på Osterøy er det andre året dagen vert markert.

Kan hende spør du deg kva det hjelper å la vere å kjøpe noko denne eine dagen? Formålet med kjøpefri dag er å bevisstgjere gjennom å gi alternativ til konsumering. Tanken bak kjøpefri dag er ikkje at me skal la vere å kjøpe nye sofaputer eller flatskjerm-tv nettopp denne dagen, - for så å ta det igjen dagen etter. Kjøpefri dag er ein aksjon som ønskjer å få oss til å reflektere over vårt forbruk generelt, og konsumeringa knytt til julefeiringa spesielt. Dette er ein dag der me kan reflektere over kva for ei julefeiring me ønskjer å ha, og kva for gåver me ønskjer å gle våre medmenneske med. Det går fint an å velje miljøvenlege gåver, i form av å gi tenester eller opplevingar. Kino- og teaterbilletter, eller påmelding til dansekurs eller snowbordkurs, er gåver som er hyggelege både for mottakaren og miljøet.

Du kan også velje å gi "personlege gåvekort" i julegåve. Det er gåvekort du lagar sjølv, der du gir bort alt frå barnepass og heimebaka kake til kanotur eller tur i badeland. Ved å gi av vår eiga tid, eller ved å ta familie og vener med på ulike opplevingar, er me med på å gi gåver som både er hyggelege, miljøvenlege og ikkje minst svært personlege. Ein treng heller ikkje nytte mykje tid i butikkar, og kan hende vil ein då oppleve ei førjulstid prega av mindre stress og meir varme.

Når det gjeld dei gåvene me likevel vel å kjøpe i butikkane, bør ein tenke kvalitet framfor kvantitet, og dermed kjøpe få men haldbare ting. Er ein så heldig at ein har tilgang til produkt merka med rettferdig handel, eller klede laga av økologisk dyrka bomull, kan ein samstundes ivareta både produsent og miljø.

Lat morgondagen vere ein kjøpefri dag, og spreid gjerne budskapet om dagen vidare. På Osterøy Handlesenter i Lonevåg vil Framtiden i våre hender ha ei markering der du har høve til å lage ditt eige personlege gåvekort.

Ha ein god kjøpefri morgondag!

For Framtiden i våre hender Osterøy,

Marie Vrålstad